



**Norsk standard for
utdanningsgruppering**
Revidert 2000
Nynorsk

**Norwegian Standard
Classification of Education**
Revised 2000

Noregs offisielle statistikk

I denne serien publiserer vi i hovudsaka primærstatistikk, statistikk frå statistiske rekneskapssystem og resultat frå spesielle teljingar og undersøkingar. Serien har først og fremst referanse- og dokumentasjonsformål. Presentasjonen skjer for det meste i form av tabellar, figurar og nødvendig informasjon om datamaterialet og innsamlings- og bearbeidingsmetodane og forklaring av omgrep og definisjonar. I tillegg kan ein finne ei kort oversikt over hovudresultata.

Serien omfattar òg publikasjonane Statistisk årbok, Historisk statistikk, Regionalstatistikk og Veiviser i norsk statistikk.

Official Statistics of Norway

This series consists mainly of primary statistics, statistics from statistical accounting systems and results of special censuses and surveys, for reference and documentation purposes. Presentation is basically in the form of tables, figures and necessary information about data, collection and processing methods, and concepts and definitions. In addition, a short overview of the main results is given.

The series also includes the publications Statistical Yearbook of Norway, Historical Statistics, Regional Statistics and Guide to Norwegian Statistics.

© Statistisk sentralbyrå, september 2001

Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nytta, ver vennleg å gi opp Statistisk sentralbyrå som kjelde.

ISBN 82-537-4975-9

Emnegruppe

00.90

Design: Enzo Finger Design

Trykk: Lobo Media AS/250

Standardteikn i tabellar	Symbols in tables	Symbol
Tal kan ikkje nyttast	Category not applicable	.
Oppgåve manglar	Data not available	..
Oppgåve manglar førebels	Data not yet available	...
Tal kan ikkje offentliggjeras	Not for publication	:
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	Less than 0.5 of unit employed	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	Less than 0.05 of unit employed	0,0
Førebelse tal	Provisional or preliminary figure	*
Brot i den loddrette serien	Break in the homogeneity of a vertical series	—
Brot i den vassrette serien	Break in the homogeneity of a horizontal series	
Retta sidan førre utgåva	Revised since the previous issue	r

Forord

Norsk standard for utdanningsgruppering (NUS) vart utarbeidd for første gong av Statistisk sentralbyrå i 1970 og seinare revidert i 1973 og 1989. Denne standarden erstattar *Standard for utdanningsgruppering* frå 1989 og blir omtala som NUS2000.

Norsk standard for utdanningsgruppering (NUS2000) er framfor alt retta mot bruk i offisiell norsk statistikk. Hovudendingane i høve til dei tidlegare standardane er ei ny nivåinndeling, ei faginndeling som er lik på alle nivå, og ei presisering av kva for fag kvar enkeltutdanning omfattar og ikkje omfattar.

Utdanning er også eit internasjonalt tema, og Statistisk sentralbyrå leverer statistikk til internasjonale publikasjonar der utdanningsstatistikken i ulike land blir samanlikna. I rapporteringa av statistikk til internasjonal bruk blir den internasjonale utdanningsstandarden ISCED97 nytta. For å sikre internasjonal samanlikning er det laga ein nøkkel mellom kodane til NUS2000 og ISCED97.

Informasjon om utdanningsstatistikk og utdanningsstandarden er tilgjengeleg på Internett-sidene til Statistisk sentralbyrå: www.ssb.no

I arbeidet med standarden vart det oppretta ei referansegruppe med representantar frå Statistisk sentralbyrå og sentrale institusjonar som standarden er mynta på. Referansegruppa har gitt innspel til sentrale problemstillingar som vart reiste i samband med utviklinga av standarden. Eit utkast til standarden vart sendt ut til høyring i mai 2000. Høyringsinstansane var ei rekkje sentrale brukarar og offentlege institusjonar.

Konsulent Nuria Barrabés har vore hovudansvarleg for utforminga av standarden, mens førstekonsulent Arild Rognan har hatt ansvaret for slutføringa. Ansvarleg seksjonsleiar er Elisabetta Vassenden, Seksjon for befolknings- og utdanningsstatistikk.

Statistisk sentralbyrå
Oslo/Kongsvinger, 20. november 2000

Svein Longva

Johan-Kristian Tønder

Innhald

1.	Innleiing	6
1.1.	Bakgrunn	6
1.2.	Endringar i høve til tidlegare utdanningsstandardar	6
1.3.	Innverknaden frå Reform 97 på den nye standarden	6
2.	Definisjonar og prinsipp	6
2.1.	Definisjonar	6
2.2.	Klassifisering av utdanningsaktivitetane	6
2.2.1.	Detaljeringsgrad	6
2.2.2.	Generelle prinsipp	6
2.2.3.	Historiske kodar	7
3.	Kodesystem og struktur.....	7
3.1.	Korleis Norsk standard for utdanningsgruppering er oppbygd	7
3.1.1.	Nivå	7
3.1.2.	Fagfelt.....	9
3.1.3.	Faggruppe og utdanningsgruppe	9
3.1.4.	Enkeltutdanningar.....	11
3.1.5.	Kva sifra står for	11
3.2.	Tilleggskjenneteikn og grupperingar.....	12
3.2.1.	Kodetype	12
3.2.2.	Klasstrinn	12
3.2.3.	Tidslengd	12
3.2.4.	Studieretning-/utdanningsprogram.....	12
3.2.5.	Kurstrinn etter Reform 94 / Kunnskapsløftet	13
3.2.6.	Kompetanse i vidaregåande opplæring	13
3.2.7.	Universitets- og høgskolegruppering	14
3.2.8.	Gradmerke.....	16
3.2.9.	Fagskoleutdanning	16
4	Internasjonal standard for utdanningsgruppering (ISCED97)	16
4.1.	Korleis ISCED97 er oppbygd.....	16
4.1.1.	Nivå (Level).....	16
4.1.2.	Faginndelinga (Fields of education and training).....	16
4.1.3.	Tilleggsdimensjonen Destinasjon (Destination).....	18
4.1.4.	Tilleggsdimensjonen Orientering (Orientation).....	18
4.1.5.	Tilleggsdimensjonen Tidslengd (Duration).....	18
4.1.6.	Tilleggsdimensjonen Grad (National degree structure)	19
5.	Kodeverket.....	19
Stikkordsregister.....		153

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn

Norsk standard for utdanningsgruppering (NUS) vart utarbeidd første gongen av Statistisk sentralbyrå (SSB) i 1970 og vart revidert i 1973 og 1989. Sidan 1989 har det norske utdanningssystemet gjennomgått ei rekkje omfattande reformer, med mellom anna Reform 94 og Reform 97 som to store reformer. Resultatet av reformene er at fleire nye utdanningsaktivitetar er etablerte, eksisterande aktivitetar er vesentleg endra både i innhald og tidslengd, og mange aktivitetar er avslutta. På grunn av desse reformene og det faktum at standarden har vore i bruk i ti år, har det vore nødvendig med ein omfattande gjennomgang.

NUS2000 inneber eit brot med dei tidlegare versjonane av NUS. Revisjonen av NUS har hatt fleire mål. Utdanningsstandarden skal vere eit godt grunnlag for produksjon av utdanningsstatistikk og analysar av utdanningssystemet. Det er difor viktig at standarden er fullstendig, og at han gir eit godt bilete av det norske utdanningssystemet. Samtidig har det vore viktig å avgrense behovet for vedlikehald slik at standarden kan vere aktuell lenge.

1.2. Endringar i høve til tidlegare utdanningsstandardar

NUS2000 er endra ein del i høve til dei tidlegare utdanningsstandardane. Dei viktigaste endringane er ei ny nivåinndeling (1. siffer), ei faginndeling (2.-4. siffer) som er lik på alle nivå, og ei presisering av kva for fag kvar enkelt utdanning (5.-6. siffer) omfattar og ikkje omfattar. At faginndelinga er den same på alle nivåa, gjer det lettare å sjå korleis standarden er bygd opp, og å forstå analysar av utdanningssystemet som er baserte på forskjellige fagfelt.

1.3. Innverknaden frå Reform 97 på den nye standarden

Reform 97 førte til at den obligatoriske grunnskoleutdanninga vart forlengd med eit år. I dag begynner barna på skolen i ein alder av seks år, og grunnskolen er tiårig. Dei aller fleste som er fødte i Noreg i dag, har berre ni år eller kortare obligatorisk grunnskoleutdanning. Det er bestemt at Reform 97 skal leggast til grunn for klasstrinnsklassifiseringa. For å gjere det enkelt blir det ikkje skilt mellom forskjellige lengder på grunnskoleutdanninga. Dette har ført til at dei som ikkje har gjennomført ti års obligatorisk grunnskoleutdanning, blir behandla som om dei har det. Ein person som fullførte grunnskolen før Reform 97, og som har treårig vidaregåande skole, blir såleis plassert i klasstrinn 13, sjølv om vedkomande i realiteten har 12 års skolegang og dermed er på 12. klasstrinn.

2. Definisjonar og prinsipp

2.1. Definisjonar

I vid forstand er utdanning eit fellesnamn på formidling av dugleik og kunnskapar. I statistisk samanheng er det likevel viktig å avgrense utdanningsomgrepet slik at det blir statistisk målbart. NUS omfattar berre utdanningsaktivitetar som går føre seg innanfor utdanningssystemet. Det vil seie utdanningsaktivitetar som har ei ramme som er innretta mot ei systematisk formidling av kunnskapar og dugleik, og som varer ei viss tid.

For statistiske analysar er det viktig å gruppere utdanningsaktivitetar som er like ut frå eit sett kriterium. Ein utdanningsaktivitet er ut frå dette definert som

- eit eller fleire utdanningstilbod som er bortimot like med omsyn til fagleg innhald og plasserte på same nivå.

2.2. Klassifisering av utdanningsaktivitetane

2.2.1. Detaljeringsgrad

Utdanningsstandarden har tidlegare hatt ein høg detaljeringsgrad. Dette har stilt store krav til vedlikehald og til kor godt brukarane kjenner standarden. I NUS2000 har vi freista å avgrense behovet for vedlikehald ved å redusere detaljeringsgraden og gjere standarden meir brukarvennleg. Nedanfor følgjer ein kortfatta gjennomgang av prinsippa som er ligg til grunn for denne reduksjonen.

2.2.2. Generelle prinsipp

NUS2000 skal fungere som ei grupperingsnorm for alle utdanningsaktivitetane som finst i Noreg, og for utdanningar som er fullførte i utlandet. Standarden har ikkje som mål å vere fullstendig for utdanningsaktivitetane i utlandet, men inkluderer kodar som kan brukast for å kode slik utdanning. Dette er viktig for å dekkje behova i utdanningsstatistikken og i forskjellige register, mellom anna i databasen over den høgaste utdanninga i befolkninga (BHU).

For utdanningsaktivitetar som er fullførte innanfor det ordinære utdanningssystemet i Noreg, skal standarden vere fullstendig. Alle utdanningsaktivitetane har egne utdanningskodar. Konkret inneber dette mellom anna at gradar og fag under lov om vidaregåande opplæring har egne kodar. Andre utdanningsaktivitetar blir òg klassifiserte gjennom standarden, men da ved bruk av samlekodar som er spesifiserte på fagfelt, faggruppe eller utdanningsgruppe. Ein kan identifisere samlekodar ved hjelp av koden '99' som 5. og 6. siffer, eller ved hjelp av ei eiga gruppering for kodetype (sjå kap. 3.2.1).

Den største endringa frå den førre versjonen av NUS på dette punktet er å finne i høgare utdanning, der dei

fleste utdanningsaktivitetane som er kortare enn to år, og som ikkje gir nokon grad eller kvalifikasjon, er slått saman til samlekodar. Desse samlekodane inkluderer studium som grunnfag, mellomfag, storfag, semesteremne og andre årsstudium eller kortare kurs ved universitet og høgskolar. Ei av hovudårsakene til at vi har valt å gjere det på denne måten, er den aukande moduleringa av høgare utdanning. Studentane er friare til å setje saman og byggje opp utdanninga si ved å kombinere forskjellige utdanningsaktivitetar av kortare og lengre tidslengd. Ein konsekvens av denne fridommen er at det er vanskelegare å avgjere kva som er ei fullført utdanning.

Teksta til samlekodane på nivå 6 i høgare utdanning har overalt endinga "-", lågare nivå". Eksempel på dette er 611101 "Engelsk, lågare nivå". Både grunnfag, mellomfag, storfag, semesteremne og andre årsstudium kan få denne koden.

Når det gjeld vidareutdanning på høgare nivå (nivå 6), har det også vore ein kraftig reduksjon i talet på kodar samanlikna med NUS89. Det er laga nokre få samlekodar for vidareutdanning på dette nivået.

2.2.3. Historiske kodar

Vi har i NUS2000 berre behalde kodar som ikkje er i bruk dersom dei er interessante for å beskrive den historiske utviklinga i utdanningssystemet. Detaljeringsgraden på desse kodane er avgrensa. Dei historiske kodane som er att, men som ikkje lenger er i bruk, er som tidlegare markerte med ei stjerne '*'.

Tredeling av nivå	Nivå	Nivånamn	Klassetrinn
	0	Inga utdanning og førskoleutdanning	Under skoleplikt
Obligatorisk utdanning	1	Barneskoleutdanning	1.-7. klasstrinn
	2	Ungdomsskoleutdanning	8.-10. klasstrinn
Mellomutdanning	3	Vidaregåande, grunnutdanning	11.-12. klasstrinn
	4	Vidaregåande, avsluttande utdanning	13. klasstrinn +
	5	Påbygging til vidaregåande utdanning	14. klasstrinn +
Universitets- og høgskoleutdanning	6	Universitets- og høgskoleutdanning, lågare nivå	14. -17. klasstrinn
	7	Universitets- og høgskoleutdanning, høgare nivå	18.-19. klasstrinn
	8	Forskarutdanning	20. klasstrinn +
	9	Uoppjitt	

I NUS2000 er det gjort mange endringar samanlikna med tidlegare utdanningsstandardar. For det første er det innført ei tydelegare tredeling av nivå. Denne tredeling skal fungere som ei standardgruppering av nivåa i publiseringar og analysar av utdanning.

Den største endringa i sjølve nivåinndelinga er likevel at nivå 5 har fått ein annan definisjon. Dette nivået er i NUS2000 øyremerkte for utdanning som ligg på nivået mellom vidaregåande utdanning og universitets- og høgskoleutdanning. Dette gjer at utdanning som verken kan klassifiserast som vidaregåande utdanning eller universitets- og høgskoleutdanning, blir plassert

3. Kodesystem og struktur

3.1. Korleis Norsk standard for utdanningsgruppering er oppbygd

Norsk standard for utdanningsgruppering er eit 6-sifra kodesystem som klassifiserer utdanningsaktivitetar etter nivå og fag. Standarden har denne strukturen:

1. siffer	Nivå
2. siffer	Fagfelt
2.-3. siffer	Faggruppe
2.-4. siffer	Utdanningsgruppe
1.-6. siffer	Enkeltutdanning

1. og 2. siffer kan brukast til sjølvstendige grupperingar, mens 2.-3., 2.-4. og 1.-6. siffer i ein kombinasjon kan brukast som egne grupperingar i kodinga av utdanningsaktivitetar og i produksjonen av offisiell utdanningsstatistikk.

3.1.1. Nivå

Norsk standard for utdanningsgruppering har ni nivå og dessutan ein verdi for uoppjitt. Nivåinndelinga er laga for at ein best mogleg kan sjå strukturen i det norske utdanningssystemet.

på eit meir korrekt nivå. Endringa betyr eit brot i utdanningsstatistikken, sidan enkeltutdanningar og heile utdanningsgrupper har vorte flytta opp eit nivå, mens andre er flytta ned. Dette gjeld mellom anna utdanning ved teknisk fagskole, som – med unntak av tredjeåret – er flytta frå nivå 4 til nivå 5.

For å gi plass til nivå 5 har vi redusert talet på nivå for utdanning på universitets- og høgskolenivå frå 4 til 3. Dette betyr i praksis at universitets- og høgskoleutdanning som varer fire år eller mindre, blir gruppert på nivå 6, mens universitets- og høgskoleutdanningar som varer lenger enn fire år, blir grupperte på nivå 7. Tidlegare vart utdanningar som varte to år og mindre,

plasserte på eit eige nivå (nivå 5). Endringa i nivå-inndeling gir også eit betre bilete av strukturen i universitets- og høgskolesystemet.

Forskarutdanningane er som før plasserte på nivå 8. Det er dessutan gjort interne endringar på enkelte nivå. Tidlegare var nivå 3 avsett til det første året i den vidaregåande skolen. I NUS2000 blir både grunnkurs og vidaregåande kurs I klassifiserte under lov om vidaregåande opplæring på nivå 3. Nivå 4 er avsett til vidaregåande kurs II og III under lov om vidaregåande opplæring.

Nivåplasseringa av enkeltutdanningane er bestemt ut frå ei samla vurdering av opptakskrav, tidslengd og kompetanse. Vurderinga av kva kompetanse dei forskjellige utdanningstypene gir, er basert på godkjenning frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (KUF).

I ramma er det gjort detaljert greie for kva utdanningar som skal plasserast på kvart enkelt nivå:

NIVÅ	OMFATTAR	OMFATTAR IKKJE
0 Inga utdanning og førskole-utdanning	<ul style="list-style-type: none"> • Utdanning før obligatorisk utdanning 	<ul style="list-style-type: none"> •
1 Barneskole-utdanning	<ul style="list-style-type: none"> • Obligatorisk utdanning frå 1. -7. klasstrinn • Spesielt tilrettelagd undervisning i småskolen og på mellomtrinnet (1.-7. klasstrinn) • Utdanning frå utlandet på 1.-7. klasstrinn, eller den første delen av den obligatoriske utdanninga i det aktuelle landet 	<ul style="list-style-type: none"> • Grunnskoleutdanning for vaksne • Folkeskoleutdanning, sjuårig • Utdanning frå utlandet som svarar til utdanning på ungdomsskolenivå, 8.-10. klasstrinn
2 Ungdomsskole-utdanning	<ul style="list-style-type: none"> • Obligatorisk utdanning frå 8. klasstrinn og høgare • Spesielt tilrettelagd utdanning på ungdomsskoletrinnet • Grunnskoleutdanning for vaksne • Innføringskurs for innvandrarak på grunnskoletrinnet • Folkeskoleutdanning, sjuårig • Framhaldsskoleutdanning, eittårig og toårig utdanning etter folkeskole • Utdanning frå utlandet på 8. klasstrinn og høgare, eller andre delen av obligatorisk utdanning i det aktuelle landet 	<ul style="list-style-type: none"> • Obligatorisk utdanning i småskolen og på mellomtrinnet (1.-7. klasstrinn) • Spesielt tilrettelagt utdanning i småskolen og på mellomtrinnet (1.-7. klasstrinn) • Obligatorisk utdanning frå utlandet på 1.-7. klasstrinn, eller den første delen av obligatorisk utdanning i det aktuelle landet
3 Vidaregåande, grunnutdanning	<ul style="list-style-type: none"> • Utdanning på 11.-12. klasstrinn • Grunnkurs og VK I i vidaregåande utdanning • Utdanning ved folkehøgskole • Realskoleutdanning • Utdanning som ikkje krev fullført treårig vidaregåande opplæring før opptak, og som ikkje er godkjend av KUF. • Utdanning frå utlandet som svarar til 11.-12. klasstrinn i vidaregåande opplæring 	<ul style="list-style-type: none"> • Framhaldsskoleutdanning, eittårig og toårig • Obligatorisk utdanning frå utlandet som svarar til utdanning på ungdomsskoletrinnet (8. klasstrinn og høgare), eller andre delen av obligatorisk utdanning i det aktuelle landet • Utdanning frå utlandet som svarar til vidaregåande utdanning, 13. klasstrinn og høgare
4 Vidaregåande, avsluttande utdanning	<ul style="list-style-type: none"> • Utdanning på 13. klasstrinn og høgare • VK II og VK III i vidaregåande utdanning • Den gamle gymnasutdanninga • Utdanning frå utlandet som svarar til vidaregåande utdanning, 13. klasstrinn og høgare 	<ul style="list-style-type: none"> • Grunnkurs og VK I i vidaregåande utdanning • Folkehøgskolar • Realskoleutdanning • Forprøver og forkurs ved universitet og høgskolar • Utdanning frå utlandet som svarar til 11.-12. klasstrinn i vidaregåande utdanning • Utdanning frå utlandet på universitets- og høgskolenivå
5 Påbygging til vidaregåande utdanning	<ul style="list-style-type: none"> • Utdanning på 14. klasstrinn og høgare • Høgskoleutdanning som har studiekompetanse eller fagprøve som opptakskrav, men som ikkje er godkjend av KUF. • Forkurs som verken gir vektal/studiepoeng eller er ein integrert del av ei universitets- eller høgskoleutdanning, eller som på annan måte kan gå inn som ein del av ein grad, det vil seie forkurs som er å rekne som vidaregåande kurs, t.d. forkurs i fransk, spansk, italiensk og norsk for utanlandske studentar • Teknisk fagskole • Godkjend fagskole 	<ul style="list-style-type: none"> • Utdanning som er godkjend av KUF. Forprøver ved universitet og høgskolar som gir vektal/studiepoeng eller som på annan måte kan reknast for å vere ein del av ein grad, t.d. examen philosophicum og examen facultatum. • Militær utdanning som berre krev grunnskole, eller grunnkurs fra vidaregåande utdanning for opptak. • Militær krigsskole- eller befalsutdanning • Utdanning frå utlandet på universitets- og høgskolenivå
6 Universitets- og høgskole-utdanning, lågare nivå	<ul style="list-style-type: none"> • Utdanning på 14.-17. klasstrinn • Utdanning på lågare nivå ved universitet og høgskolar: enkeltfag og gradar ved universitet og høgskolar som varer fire år eller mindre, t.d. grunn- og mellomfag, cand.mag.-utdanning, høgskolekandidatar, ingeniør-utdanning frå høgskole. • Forprøver som gir vektal/studiepoeng, og som er ein integrert del av ei universitets- eller høgskoleutdanning/grad. • Utdanning frå utlandet som varer fire år eller mindre, både gradar og enkeltutdanning, t.d. Bachelor og Licence. 	<ul style="list-style-type: none"> • Høgskoleutdanning som har studiekompetanse eller fagprøve som opptakskrav, men som ikkje er godkjend av KUF. Forkurs som verken gir vektal/studiepoeng eller er ein integrert del av ei universitets- eller høgskoleutdanning, eller som på annan måte kan inngå som ein del av ein grad, det vil seie forkurs som er å rekne som vidaregåande kurs, t.d. forkurs i fransk, spansk, italiensk. • Utdanning frå utlandet som varer lenger enn fire år, t.d. Master i engelsktalende land og Maîtrise i fransktalende land

7 Universitets- og høgskole-utdanning, høgare nivå	<ul style="list-style-type: none"> • Utdanning på 18. klasstrinn og høgare • Universitets- og høgskoleutdanning som varer lenger enn fire år, t.d. hovudfags- og Masterutdanning, magistergrad, sivilingeniørutdanning, profesjonsstudium og høgare avdeling ved Noregs handelshøgskole. • Utdanning frå utlandet som varer lenger enn fire år, t.d. Master og Maîtrise. 	<ul style="list-style-type: none"> • Utdanning på lågare nivå ved universitet og høgskolar • Forprøver som gir vektal/studiepoeng, og som er ein integrert del av ei universitets- eller høgskoleutdanning. • Utdanning frå utlandet som varer fire år eller mindre
8 Forskarutdanning	<ul style="list-style-type: none"> • Utdanning på 20. klasstrinn og høgare • Krav om fullført høgare universitets- og høgskole-utdanning, t.d. hovudfags- og Masterutdanning, magistergrad, sivilingeniørutdanning og profesjonsstudium • Doktorgradar • Doktorgradar frå utlandet 	<ul style="list-style-type: none"> • Universitets- og høgskoleutdanning som varer meir enn fire år. Hovudfags- og Masterutdanning, magistergrad, sivilingeniørutdanning og profesjonsstudium. • Utdanning frå utlandet som varer lenger enn fire år.
9 Uoppgitt		

3.1.2. Fagfelt

Fagfeltet er den minst detaljerte grupperinga av det faglege innhaldet i utdanningsaktivitetane. Dei utdanningane som er mest fagleg einsarta, blir grupperte i same fagfelt. Grupperingane i fagfelta er like på alle nivåa i standarden.

Samanlikna med tidlegare standardar er det i tillegg til namneendringar på nokre fagfelt gjennomført visse endringar med omsyn til innhaldet. For det første er fagfelt 4 'Økonomiske og administrative fag' skilt ut frå fagfelt 3 'Samfunnsfag og juridiske fag'. Dette kjem av at fagfeltet har vakse seg altfor stort, og at ei deling gir større homogenitet.

Vidare er fagfelt 8 omdefinert til ein samlekategori der vi mellom anna har plassert det tidlegare fagfelt 6 "Samferdsel".

Fagfelta i NUS2000 er definerte slik:

- 0 Allmenne fag
- 1 Humanistiske og estetiske fag
- 2 Lærerutdanningar og utdanningar i pedagogikk
- 3 Samfunnsfag og juridiske fag
- 4 Økonomiske og administrative fag
- 5 Naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag
- 6 Helse-, sosial- og idrettsfag
- 7 Primærnæringsfag
- 8 Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag
- 9 Uoppgitt fagfelt

3.1.3. Faggruppe og utdanningsgruppe

Etter ei vurdering av det faglege behovet er kvart fagfelt delt inn i inntil ni faggrupper som igjen, ut frå ei vidare vurdering av behov, er delte inn i inntil ni utdanningsgrupper. Hovudmålsetjinga er å samle utdanningar som er omtrent like med omsyn til fagleg innhald i grupper.

Inndelinga gjeld for alle nivå i så vel faggrupper som utdanningsgrupper. Sidan utdanningstilbodet ikkje er det same på alle nivå, vil likevel enkelte fag- og utdanningsgrupper utan tvil berre bli brukte på bestemte nivå. Dette gjeld t.d. medisin- og veterinærfag.

Under kjem ei skjematisk oversikt over inndelinga i fagfelt, faggrupper og utdanningsgrupper i NUS2000:

0 Allmenne fag

- 01 Allmenne fag
- 011 Generelle program
- 019 Allmenne fag, andre

1 Humanistiske og estetiske fag

- 11 Språkutdanningar
- 111 Utdanningar i germanske og romanske språk
- 112 Utdanningar i slaviske, baltiske og finsk-ugriske språk
- 113 Utdanningar i tyrkiske, indoiranske, keltiske, semittiske og asiatiske språk
- 114 Utdanningar i afrikanske språk
- 115 Utdanningar i klassiske språk
- 116 Translatørutdanningar
- 117 Språkvitskapelege utdanningar
- 119 Språkutdanningar, andre
- 12 Litteratur- og bibliotekutdanningar
- 121 Litteraturutdanningar
- 122 Bibliotekutdanningar
- 123 Forfatarutdanningar
- 129 Litteratur- og bibliotekutdanningar, andre
- 13 Historisk-filosofiske utdanningar
- 131 Historieutdanningar
- 132 Kunsthistorie
- 133 Arkeologi
- 134 Kulturutdanningar
- 135 Filosofi og etikk
- 139 Historisk-filosofiske utdanningar, andre
- 14 Religionsutdanningar
- 141 Bibel-, misjonær- og kyrkjelydsarbeid
- 142 Kristendom og andre religionsutdanningar
- 149 Religionsutdanningar, andre
- 15 Musikk, dans og drama
- 151 Song- og musikkutdanningar
- 152 Teater- og filmutdanningar
- 153 Danse- og ballettutdanningar
- 159 Musikk, dans og drama, andre
- 16 Bildande kunst og kunsthandverk
- 161 Husflid, brukskunst og industridesign
- 162 Tre-, metall- og glashandverk
- 163 Fotofag
- 164 Teikne-, grafikk-, målar- og skulptørutdanningar

- 165 Interiør- og dekoratøruddanningar
- 166 Konfeksjons- og tekstilkunstudanningar
- 169 Bildande kunst og kunsthandverk, andre
- 19 Humanistiske og estetiske fag, andre
- 199 Humanistiske og estetiske fag, andre

2 Læruddanningar og utdanningar i pedagogikk

- 21 Førskolelæruddanningar
- 211 Førskolelæruddanningar
- 219 Førskolelæruddanningar, andre
- 22 Allmennlæruddanningar
- 221 Allmennlæruddanningar
- 229 Allmennlæruddanningar, andre
- 23 Fag- og yrkesfaglæruddanningar
- 231 Humaniora og estetikk, læruddanningar
- 232 Samfunnsfag og juridiske fag, læruddanningar
- 233 Økonomi og administrasjon, læruddanningar
- 234 Naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag, læruddanningar
- 235 Helse-, sosial- og idrettsfag, læruddanningar
- 236 Primærnæringar (skogbruk, jordbruk og fiske), læruddanningar
- 237 Samferdsel, tenesteyting og tryggleik, læruddanningar
- 238 Praktisk-pedagogiske utdanningar
- 239 Fag- og yrkesfaglæruddanningar, andre
- 24 Utdanningar i pedagogikk
- 241 Pedagogikk
- 242 Spesialpedagogikk
- 249 Utdanningar i pedagogikk, andre
- 25 Vidareutdanningar for lærarar
- 251 Vidareutdanningar for lærarar
- 259 Vidareutdanningar for lærarar, andre
- 29 Læruddanningar og utdanningar i pedagogikk, andre
- 299 Læruddanningar og utdanningar i pedagogikk, andre

6

3 Samfunnsfag og juridiske fag

- 31 Statsvitskapelege fag
- 311 Statsvitskapelege fag
- 319 Statsvitskapelege fag, andre
- 32 Sosiologiske fag
- 321 Sosiologiske fag
- 329 Sosiologiske fag, andre
- 33 Samfunnsgeografiske fag
- 331 Samfunnsgeografi
- 339 Samfunnsgeografiske fag, andre
- 34 Samfunnsøkonomiske fag
- 341 Samfunnsøkonomi
- 349 Samfunnsøkonomiske fag, andre
- 35 Medie- og informasjonsfag
- 351 Medium og kommunikasjon
- 352 Journalistikk
- 359 Medie- og informasjonsfag, andre
- 36 Psykologiske fag
- 361 Psykologi
- 369 Psykologiske fag, andre
- 37 Juridiske fag

- 371 Rettsstudiet
- 372 Kriminologi
- 379 Juridiske fag, andre
- 38 Sosialantropologiske fag
- 381 Sosialantropologiske fag
- 389 Sosialantropologiske fag, andre
- 39 Samfunnsfag og juridiske fag, andre
- 399 Samfunnsfag og juridiske fag, andre

4 Økonomiske og administrative fag

- 41 Økonomisk-administrative fag
- 411 Økonomisk-administrative fag
- 419 Økonomisk-administrative fag, andre
- 42 Handel og marknadsføring
- 421 Handel
- 422 Marknadsføring
- 429 Handel og marknadsføring, andre
- 43 Kontorfag
- 431 Sekretæruddanningar
- 432 Kontorfag
- 439 Kontorfag, andre
- 44 Hotell- og reiselivsfag
- 441 Reiselivsfag
- 442 Hotell- og restaurantfag
- 449 Hotell- og reiselivsfag, andre
- 49 Økonomiske og administrative fag, andre
- 499 Økonomiske og administrative fag, andre

5 Naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag

- 51 Biologiske fag
- 511 Zoologiske fag
- 512 Botaniske fag
- 513 Mikrobiologi og cellebiologi
- 514 Miljø- og forureiningsstudium
- 515 Marin- og ferskvassbiologi
- 519 Biologiske fag, andre
- 52 Fysiske og kjemiske fag
- 521 Fysiske fag
- 522 Kjemiske fag
- 529 Fysiske og kjemiske fag, andre
- 53 Matematikk og statistikk
- 531 Matematikk
- 532 Statistikk
- 539 Matematikk og statistikk, andre
- 54 Informasjons- og datateknologi
- 541 Informasjons- og datateknologi
- 549 Informasjons- og datateknologi, andre
- 55 Utdanningar i elektrofag, mekaniske fag og maskinfag
- 551 Elektro
- 552 Mekaniske fag
- 553 Finmekaniske fag
- 559 Utdanningar i elektrofag, mekaniske fag og maskinfag, andre
- 56 Geofag
- 561 Geologi
- 562 Geofysikk

- 563 Naturgeografi
- 569 Geofag, andre
- 57 Bygg- og anleggsgfag
- 571 Bygg og anlegg
- 572 Arkitektur
- 579 Bygg- og anleggsgfag, andre
- 58 Fabrikasjon og utvinning
- 581 Næringsmiddelproduksjon
- 582 Tekstil- og skinnproduksjon
- 583 Produksjon av tre, papir, plast og glas
- 584 Gruvedrift og utvinning
- 589 Fabrikasjon og utvinning, andre
- 59 Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag, andre
- 599 Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag, andre

6 Helse-, sosial- og idrettsfag

- 61 Pleie- og omsorgsfag
- 611 Sjukepleiefag
- 612 Hjelpepleiefag
- 613 Vernepleiefag
- 619 Pleie- og omsorgsfag, andre
- 62 Sosialfag
- 621 Sosialfag
- 629 Sosialfag, andre
- 63 Medisin
- 631 Medisin
- 632 Medisin, spesialistutdanningar for legar
- 639 Medisin, andre
- 64 Tannhelsefag
- 641 Odontologi
- 642 Tannpleiefag
- 643 Tannteknikk
- 644 Odontologi, spesialistutdanningar for tannleger
- 649 Tannhelsefag, andre
- 65 Terapeutiske fag
- 651 Ergoterapi
- 652 Fysioterapi
- 653 Kiropraktor
- 659 Terapeutiske fag, andre
- 66 Apotekfag
- 661 Farmasi
- 662 Reseptarfag
- 663 Apotekteknikk
- 669 Apotekfag, andre
- 67 Veterinærfag
- 671 Veterinær
- 672 Dyrepleie
- 679 Veterinærfag, andre
- 68 Idrettsfag
- 681 Idrettsfag
- 689 Idrettsfag, andre
- 69 Helse-, sosial- og idrettsfag, andre
- 699 Helse-, sosial- og idrettsfag, andre

7 Primærnæringsfag

- 71 Fiske og havbruk
- 711 Fiske og havbruk
- 719 Fiske og havbruk, andre
- 72 Jordbruk

- 721 Jordbruk
- 729 Jordbruk, andre
- 73 Gartneri og hagebruk
- 731 Gartneri og hagebruk
- 739 Gartneri og hagebruk, andre
- 74 Skogbruk
- 741 Skogbruk
- 749 Skogbruk, andre
- 79 Primærnæringsfag, andre
- 799 Primærnæringsfag, andre

8 Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag

- 81 Samferdsel
- 811 Jernbanetrafikkfag
- 812 Luftfartsfag
- 813 Maritime navigasjonsfag
- 814 Vegtrafikkfag
- 819 Samferdsel, andre
- 82 Tryggleik
- 821 Militære fag
- 822 Fængselsfag
- 823 Politifag
- 824 Tollfag
- 825 Brannvern
- 829 Tryggleik, andre
- 83 Andre servicefag
- 831 Hår- og venleikspele
- 832 Servitør
- 833 Andre servicefag, andre
- 839 Andre servicefag, andre, uoppgitt utdanningsgruppe
- 89 Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag, andre
- 899 Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag, andre

9 Uoppgitt fagfelt

- 99 Uoppgitt faggruppe
- 999 Uoppgitt utdanningsgruppe

3.1.4. Enkeltutdanningar

Klassifiseringa av enkeltutdanningar er i stor grad gjort på bakgrunn av utdanningstilbodet i skole- og studieåret 1999. Historiske utdanningar er berre behaldne som egne kodar dersom dei er definerte som historisk interessant informasjon. Dersom det ikkje er tilfelle, er dei slått saman med kodar som til ein viss grad er like med omsyn til nivå og fagleg innhald (sjå kap. 2.2.2.).

3.1.5 Kva sifra står for

I NUS2000 betyr sifferet '9' 'andre', 'uoppgitt' eller 'uspesifisert' på nivå, fagfelt, faggruppe, utdanningsgruppe og enkeltutdanningar.

Nivå	"9" = "uoppgitt"
Fagfelt	"9" = "uoppgitt"
Faggruppe	"9" = "uoppgitt"
Utdanningsgruppe	"9" = "andre"
Enkeltutdanningar	"9" = "uspesifisert"

3.2. Tilleggskjenneteikn og grupperingar

3.2.1. Kodetype

Kodetype beskriv om NUS-koden er ein kode for enkeltutdanning eller er ein samlekode. For å forenkle vedlikehaldsrutinane har vi i NUS2000 valt å lage såkalla samlekodar for fag som består av fleire utdanningsaktivitetar med forskjellig tidslengd. Samlekodar blir koda 1, og enkeltutdanningar blir koda 2.

Samlekode: Kan bestå av fleire utdanningsaktivitetar på forskjellige klasstrinn og med forskjellig tidslengd. På universitets- og høgskolenivået gjeld det kortare utdanningsaktivitetar som ikkje gir noko vitnemål/kvalifikasjon i seg sjølv. Grunnfag, mellomfag, semesteremne og storfag er eksempel på slike utdanningsaktivitetar.

Enkeltutdanning: Utdanningsaktivitetar som har felles fagkrins/fagleg innhald, klasstrinn og tidslengd. På universitets- og høgskolenivået gjeld det alle utdanningar som gir vitnemål/kvalifikasjon. Eksempel her er treårig høgskoleingeniørutdanning, treårig radiografutdanning og cand.mag.-utdanning.

3.2.2. Klasstrinn

Vi kan skilje mellom klasstrinn for enkeltutdanningar og klasstrinn for samlekodar. Enkeltutdanningane har førehandsbestemte klasstrinn, mens dei som har teke utdanning som fell inn under samlekodane, vil finnast på forskjellige klasstrinn. Klasstrinna blir rekna frå nivå 1 (barneskoleutdanning), der det første året i grunnskolen er klasstrinn 01. Nivå 1 og 2 utgjer klasstrinn 01 - 10. Det første året etter obligatorisk grunnskole (nivå 3) blir såleis 11. klasstrinn osv. Høgaste klasstrinn er 22 (forskarutdanning).

3.2.3 Tidslengd

Tidslengda blir oppgitt i talet på månader for utdanningar på nivå 1-5. 10 månader utgjer eit år (skoleår). 20 månader er dermed to år, 30 månader er tre år osv. For utdanningar på nivå 6-8 blir tidslengda oppgitt i vektal/studiepoeng. 20 vektal/60 studiepoeng utgjer ei arbeidsmengd som svarar til eitt års studium.

Tidslengda i vektal/studiepoeng refererer til normert studieprogresjon. Kva for informasjon ein kan lese ut frå tidslengd, er avhengig av kva slags kode (enkeltutdanningar/samlekodar) som blir brukt. For enkeltutdanningar gir tidslengd den absolutte tidslengda til kvar enkelt utdanning. For samlekodar blir det oppgitt ei maksimum mengd vektal/studiepoeng fordi dei inneheld utdanningar av forskjellig lengd og skjer på forskjellige klasstrinn.

3.2.4. Studieretning-/utdanningsprogram

Studieretningskode blir brukt for å gruppere utdanningar på nivå 3-5. Dette er ei skjematisk standard-

gruppering som framfor alt er tenkt som ei forenkling i samband med presentasjonen av offisiell utdanningsstatistikk. Etter Reform 94 har studieretningskodane og inndelinga forandra seg. Den nye inndelinga består av fleire forskjellige studieretningar, og inndelinga er òg delt inn i retningar som gir høvesvis studie- og yrkeskompetanse. I samband med den nye reforma innanfor vidaregåande opplæring, Kunnskapsløftet frå 2006, blir det innført ei ny nemning, utdanningsprogram.

Under følgjer ei skjematisk framstilling av dei forskjellige studieretnings-/utdanningsprogramkodane, for både før og etter Reform 94, samt for Kunnskapsløftet. Kolonnane for før og etter Reform 94 viser skilnaden i talet på studieretningar og dei studieretningane som har kome til etter reforma. NUS2000 inneheld studieretningskodane i kolonnen "Etter Reform 94" og utdanningsprogramkodane for Kunnskapsløftet:

	Før Reform 94	Etter Reform 94
Studieretning	01 Allmenne fag 03 Husflidsfag og estetiske fag 05 Handels- og kontorfag 07 Handverks- og industrifag 09 Fiskeri- og sjøfartsfag 10 Landbruksfag og naturbruk 11 Helse- og sosialfag 17 Husholdsfag 19 Idrettsfag	Studieretningar som gir studiekompetanse: : 21 Allmenne, økonomiske og administrative fag 22 Musikk, dans og drama 23 Idrettsfag Studieretningar som gir yrkeskompetanse: 31 Helse- og sosialfag 32 Naturbruk 33 Formgivingsfag 34 Hotell- og næringsmiddelfag 35 Byggfag 36 Tekniske byggfag 37 Elektrofag 38 Mekaniske fag 39 Kjemi- og prosessfag 40 Trearbeidsfag 41 Medium og kommunikasjon 42 Sal og service 50 Teknisk fagskole t.o.m. skoleåret 2006/07 99 Kurs for praksiskandidatar, alle studieretningar (ikkje i bruk)
	Kunnskapsløftet	
Utdanningsprogram	Studieførebuande: 60 Idrettsfag 61 Musikk, dans og drama 62 Studiespesialisering	Yrkesfaglege: 70 Bygg- og anleggsteknikk 71 Design og handverk 72 Elektrofag 73 Helse- og oppvekstfag 74 Medium og kommunikasjon 75 Naturbruk 76 Restaurant- og matfag 77 Service og samferdsel 78 Teknikk og industriell produksjon
Utanfor utdanningsprogram	98 Alternativ opplæring	

3.2.5. Kurstrinn etter Reform 94/ Kunnskapsløftet

Kurstrinns-koden gir ei oversikt over dei ulike kurstrinna innanfor vidaregåande opplæring og teknisk fagskole (sjå og pkt. 3.2.9. Fagskoleutdanning). Desse kodane er nytta:

- A = grunnkurs (GK)/vidaregåande trinn 1 (Vg1)
- D = grunnkompetanse/alternativ opplæring
- H = vidaregåande kurs I (VKI)/vidaregåande trinn 2 (Vg2)
- I = særlop
- K = to- eller treårige kurs (ikkje GK over to år)
- P = vidaregåande kurs II (VKII)/vidaregåande trinn 3 (Vg3)/bedriftsopplæring
- T = bedriftsopplæring etter VKII/etter Vg3 i skole
- U = teknisk fagskole t.o.m. skoleåret 2006/07
- Z = kurs for praksiskandidatar (ikkje i bruk)

3.2.6. Kompetanse i vidaregåande opplæring

Kompetansekoden gir ei oversikt over ulike typar av kompetanse frå vidaregåande opplæring. I den vidare-gåande opplæringa skil vi mellom studieførebuande og yrkesfagleg opplæring. Den studieførebuande opplæringa legg mest vekt på teoretiske kunnskar og fører fram til studiekompetanse, mens den yrkesfaglege opplæringa fører fram til eit yrke og gir yrkeskompetanse med vitnemål eller fag-/sveinebrev. For dei studieretningane som gir yrkeskompetanse finst det alternative måtar å byggje opp opplæringa på. Hovudmodellen går ut på at det er to år i skole og to år i bedrift og at kompetansen blir dokumentert med fag- eller sveinebrev. Dersom det ikkje er mogleg å få læreplass i ei bedrift kan opplæringa fullførast med VKII/bedriftsopplæring i skolen, kompetansen blir dokumentert med fag- eller sveinebrev. For nokre yrkesfaglege løp vil kompetansen bli oppnådd etter eit treårig skolelop og med vitnemål som dokumenterer oppnådd yrkeskompetanse. I tillegg er det eit skilje på lengda av opplæring i skole før læretid i bedrift. Dette kodeverket skil ut yrkesfaglege løp som varer over fire år, der opplæringstida i skole er meir enn to år.

Det er òg mogleg å byggje på yrkeskompetansen og få studiekompetanse.

Det er fem kompetansekodar:

- 1 Generell studiekompetanse
- 2 Yrkeskompetanse dokumentert med sveinebrev eller fagbrev, læretid normalt etter to år i skole
- 3 Yrkeskompetanse dokumentert med vitnemål
- 4 Undervegs til yrkeskompetanse, tredje år i skole før læretid
- 5 Yrkeskompetanse dokumentert med sveinebrev eller fagbrev, læretid etter tre år i skole

3.2.7. Universitets- og høgskolegruppering

Universitets- og høgskolegrupperinga blir brukt for å gruppere utdanningar på nivå 6-8. Dette er ei skjematisk standardgruppering som framfor alt er tenkt som ei forenkling i samband med presentasjonen av offisiell utdanningsstatistikk. Gradnemningane bachelor, master og ph.d. vart teke i bruk i samband med Kvalitetsreformen innanfor høgare utdanning frå hausten 2002. Under kjem ei oversikt over universitets- og høgskolegrupperingane:

Nivå 6	Nivå 7	Nivå 8
01 Førebuaende prøver	31 Utdanning på høgare nivå	70 Ph.d.
02 Utdanning på lågare nivå	32 Cand.philol.-utdanning	81 Dr.philos.
03 Andre eittårige studium, grunnutdanning	33 Cand.polit.-utdanning	82 Dr.polit.
04 Høgskolekandidat, toårig	34 Cand.scient.-/Cand.real.-utdanning	83 Dr.scient.
05 Ingeniørutdanning, toårig grunnutdanning	35 Cand.jur.-utdanning	84 Dr.juris./dr.legis.
05H Høgskolekandidat, ingeniørfag, toårig	35M Master, rettsvitenskap	85 Dr.med.
06 Andre toårige studium, grunnutdanningar	36 Cand.med.-utdanning	86 Dr.theol.
07 Høgskolekandidat, treårig	37 Cand.agric.-utdanning	87 Dr.techn.
08 Allmennlærer, grunnutdanning	38 Cand.musicae.-utdanning	88 Dr.odont.
08B Bachelor, allmennlærerutdanning (ved Rudolf Steinerhøgskolen)	39 Cand.theol.-utdanning	89 Dr.med.vet.
09 Førskolelærer, grunnutdanning	40 Cand.san.-utdanning	90 Dr.agric.
09B Bachelor, førskole-/barnehagelærerutdanning	41 Cand.oecon.-utdanning	91 Dr.oecon.
10 Yrkesfaglærer, grunnutdanning	42 Cand.psychol.-utdanning	92 Dr.ing.
10B Bachelor, yrkesfaglærerutdanning	43 Cand.sociol.-utdanning	93 Dr.art.
11 Ingeniørutdanning, treårig grunnutdanning	44 Cand.sosion.-utdanning	94 Dr.psychol.
11B Bachelor, ingeniørfag	45 Cand.act.-utdanning	95 Andre forskarutdanningar (lisensiatar)
12 Sjukepleieutdanning, grunnutdanning	46 Cand.techn.-utdanning	
12B Bachelor, sjukepleieutdanning	47 Cand.pharm.-utdanning	
13 Helsefagutdanning, 3-4 år grunnutdanning, ikkje sjukepleiar	47M Master, farmasi-utdanning	
13B Bachelor, helsefagutdanning, ikkje sjukepleiar	48 Cand.med.vet.-utdanning	
14 Høgskolekandidat, fireårig	49 Cand.merc.-utdanning	
14B Bachelor, fireårig	50 Cand.odont.-utdanning	
15 Etatsutdanningar	50M Master, odontologi-utdanning	
16 Andre tre- og fireårige grunnutdanningar (ikkje høgskolekandidat)	51 Cand.ed.-/cand.paed.-/cand.paed.spec.-utdanning	
17 Cand.mag.-utdanning	52 Hovudfagskandidat	
18 Vidareutdanningar i leiing/organisasjon/administrasjon/økonomi	53 Magisterutdanning	
19 Vidareutdanning for ingeniørar	54 Siviløkonomutdanning, CEMS-master	
20 Vidareutdanning for sjukepleiarar	54M Siviløkonom-/Master-utdanning	
21 Vidareutdanning for anna helsepersonell enn sjukepleiarar	55 Sivilingeniørutdanning	
22 Anna vidareutdanning, til og med to år	55M Master, teknologifag	
23 Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU)	56M Master of Science	
24 Siviløkonomutdanning, fireårig	57T A Master of Philosophy	
25B Bachelor, allmenne fag	58M Master of Arts	
26B Bachelor, humanistiske og estetiske fag	59T Master of International Business	
27B Bachelor, lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk, ikkje allmennlærer	60M Master of Business Administration	
28B Bachelor, samfunnsfag og juridiske fag	61T Master of Management	
29B Bachelor, økonomiske og administrative fag	62T Master of Technology Management	
30B Bachelor, naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag	63T Andre mastergradsutdanningar	
96B Bachelor, helse-, sosial- og idrettsfag	64T Master of Laws	
97B Bachelor, primærnæringsfag	65 Anna utdanning på nivå 7, ikkje vidareutdanning/påbygging	
98B Bachelor, samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag	66 Vidareutdanningar/påbygging, inntil to år	
99B Bachelor, uoppgitt fagfelt	67 Spesialistutdanning for legar	
69 M Master, eittårig, lågare nivå	68 Vidareutdanning for sjukepleiarar på nivå 7	
	71M Master, allmenne fag	
	72M Master, humanistiske og estetiske fag	
	73M Master, lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk	
	74M Master, samfunnsfag og juridiske fag	
	75M Master, økonomiske og administrative fag	
	76M Master, naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag	
	77M Master, helse-, sosial- og idrettsfag	
	78M Master, primærnæringsfag	
	79M Master, samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag	
	80M Master, uoppgitt fagfelt	

3.2.8. Gradmerke

Koden for gradmerke gir ei oversikt over nokre av gradnemningane som vart tekne i bruk i samband med Kvalitetsreformen innanfor høgare utdanning frå hausten 2002. Desse kodane er nytta:

B = Bachelor

H = Høgskolekandidat i ingeniørfag

M = Master

3.2.9. Fagskoleutdanning

Grupperinga blir brukt for å gruppere utdanningar som er godkjende etter lov om fagskoleutdanning av 20. mars 2003. Godkjend fagskoleutdanning blir gitt kode 10. Grupperinga er teke i bruk frå skoleåret 2005/06.

4 Internasjonal standard for utdanningsgruppering (ISCED97)

På 1970-talet laga UNESCO International Standard Classification of Education (ISCED). ISCED er utarbeidd for innsamling, samansetjing og presentasjon av samanliknbare indikatorar og statistikk om utdanning, både innanfor individuelle land og internasjonalt. ISCED vart revidert siste gongen i 1997 (ISCED97).

ISCED97 er ein utdanningsstandard som er konstruert på bakgrunn av utdanningssystema i mange land. Primært er det meininga å nytte ISCED97 til samanlikning av internasjonal utdanningsstatistikk. ISCED97 er ikkje så detaljert som nasjonale utdanningsstandardar, som skal beskrive utdanningssystemet i detalj i eit enkelt land. Ettersom ISCED97 ikkje er så detaljert, kan han heller ikkje dekkje alle dei nasjonale krava til ein utdanningsstandard. Ein nasjonal utdanningsstandard må vere fullstendig for dei utdanningstilboda som finst, og dekkjande for aktuelle tilleggsdimensjonar og særpreg i gjeldande land. Ein internasjonal standard kan ikkje omfatte alle dei nasjonale særprega som finst. I samband med revideringa av Norsk standard for utdanningsgruppering er det utarbeidd ein nøkkel mellom NUS2000 og ISCED97. Kvar 6-sifra (samlekodar og enkeltutdanningar) NUS2000-kode har tilvising til ein ISCED97-kode med tilhøyrande tilleggsdimensjonar.

4.1. Korleis ISCED97 er oppbygd

ISCED97 er, som Norsk standard for utdanningsgruppering, oppbygd ved hjelp av nivå- og fagindeling. I tillegg har ISCED97 fire tilleggsdimensjonar (Destination, Orientation, National Degree Structure og Duration). Desse blir berre nytta på enkelte nivå. Standarden har denne strukturen:

- | | |
|------------|---|
| 1. siffer: | Level (nivå) |
| 2. siffer: | Broad field (fagfelt) |
| 3. siffer: | Narrow field (Fields of education) (utdanningsfelt) |
| 4. siffer: | Detailed field (Fields of education and training) (fordjupingsfelt) |
| Pos 5: | Destination (destinasjon) |
| Pos 6: | Orientation (orientering) |
| Pos 7: | Duration (tidslengd) |
| Pos 8: | National degree structure (grad) |

2. til 4. siffer kan kallast fagkode. Dei fire siste tilleggsdimensjonane er plasserte i respektive 5. (Destination), 6. (Orientation), 7. (Duration) og 8. posisjon (National degree structure)

4.1.1. Nivå (Level)

ISCED97 består av sju nivå:

- | | |
|---|--|
| 0 | Pre-primary (førskoleutdanning) |
| 1 | Primary (grunnskoleutdanning, første trinn) |
| 2 | Lower secondary (grunnskoleutdanning, andre trinn) |
| 3 | Upper secondary (vidaregåande utdanning) |
| 4 | Post-secondary non-tertiary (ikkje vidaregåande utdanning, universitets- eller høgskole utdanning) |
| 5 | First stage of tertiary education (universitets- og høgskoleutdanning) |
| 6 | Second stage of tertiary education (forskarutdanning) |

4.1.2. Faginndeling (Fields of education and training)

Kvar utdanningsaktivitet blir klassifisert ut frå det faglege innhaldet i utdanninga. Faginndelinga i ISCED97 er 3-sifra. 1. siffer indikerer Broad field. ISCED97 består av ni forskjellige Broad fields.

Broad fields i ISCED97 er definert slik:

- | | |
|---|---|
| 0 | General programmes |
| 1 | Education |
| 2 | Humanities and arts |
| 3 | Social sciences, business and law |
| 4 | Science, mathematics and computing |
| 5 | Engineering, manufacturing and construction |
| 6 | Agriculture and veterinary |
| 7 | Health and welfare |
| 8 | Services |
| 9 | Unknown |

Som det går fram av tabellen over, er det skilnader mellom den norske inndelinga av fagfelte (sjå punkt 3.1.2) og den internasjonale. Spesielt gjeld dette for det fjerde feltet her. I den norske standarden er handverksfag og tekniske fag inkluderte i naturfaga (fagfelt 6 i NUS2000). I ISCED97 utgjer naturfaga eit eige felt, mens handverksfaga og tekniske fag er plasserte under fleire ulike felt. Rekkjefølgja på fagfelte er òg ulik for dei to standardane.

2. siffer i fagkoden indikerer Narrow field (Fields of education), som igjen er inndelt i Detailed field (Fields

of education and training). ISCED97 består av 25 forskjellige Narrow fields, som deretter består av ca. 80 Detailed fields.

Under kjem ei skjematisk framstilling av Broad fields, Narrow fields og Detailed fields i ISCED97:

0 General Programmes

00 General programmes

000 General programmes

- 01 Basic/broad general programmes
- 010 Basic/broad general programmes
- 08 Literacy and numeracy
- 080 Literacy and numeracy
- 09 Personal skills
- 090 Personal skills
- 099 Personal skills

1 Education

- 14 Teacher training and education science
- 140 Teacher training and education science (broad programmes)
- 142 Education science
- 143 Training for pre-school teachers
- 144 Training for teachers at basic levels
- 145 Training for teachers with subject specialisation
- 146 Training for teachers of vocational subjects

2 Humanities and arts

20 Humanities and arts

200 Humanities and arts

- 21 Arts
- 210 Arts (broad programmes)
- 211 Fine arts
- 212 Music and performing arts
- 213 Audio-visual techniques and media production
- 214 Design
- 215 Craft skills
- 219 Arts
- 22 Humanities
- 220 Humanities (broad programmes)
- 221 Religion
- 222 Foreign languages
- 223 Mother tongue
- 224 Numismatics
- 225 History and archaeology
- 226 Philosophy and ethics
- 299 **Humanities and arts**

3 Social sciences, business and law

- 31 Social and behavioural science
- 310 Social and behavioural science
- 311 Psychology
- 312 Sociology and cultural studies
- 313 Political science and civics
- 314 Economics
- 32 Journalism and information
- 321 Journalism and reporting

- 322 Library, information, archive
- 34 Business and administration
- 340 Business and administration (broad programmes)
- 341 Wholesale and retail sales
- 342 Marketing and advertising
- 343 Finance, banking, insurance
- 344 Accounting and taxation
- 345 Management and administration
- 346 Secretarial and office work
- 347 Working life
- 38 Law
- 380 Law
- 399 **Social sciences, business and law**

4 Science, mathematics and computing

- 42 Life science
- 421 Biology and biochemistry
- 422 Environmental science
- 44 Physical science
- 441 Physics
- 442 Chemistry
- 443 Earth science
- 449 Physical science
- 46 Mathematics and statistics
- 461 Mathematics
- 462 Statistics
- 48 Computing
- 481 Computer science
- 482 Computer use
- 499 **Science, mathematics and computing**

5 Engineering, manufacturing and construction

50 Engineering, manufacturing and construction

500 Engineering, manufacturing and construction

- 52 Engineering and engineering trades
- 520 Engineering and engineering trades (broad programmes)
- 521 Mechanics and metal work
- 522 Electricity and energy
- 523 Electronics and automation
- 524 Chemical and process
- 525 Motor vehicles, ships and aircraft
- 529 Engineering and engineering trades
- 54 Manufacturing and processing
